

Guri S. Botheim som «Ragna Svae» (Innlevert den 01.05.2023)

Tiltak for å ta vare på høgfjellsnaturen og villreinen formulert av romankarakteren Ragna Svae. Publisert i romanen «Høgfjellsmeldinga» av Guri Sørungård Botheim, Forlaget Oktober 2023, s. 329–330.

Tiltak: 1 | Krig og destabilitet i samfunnet er ein vesentleg miljøtrussel og kan få uana konsekvensar for naturen og dyrelivet. Styrka beredskap må frå dags dato definerast som eit tiltak for å ta vare på høgfjellsnaturen og annan sårbar natur. Samtidig må vi erkjenne at det å ta vare på fjellet og kunnskapen om skånsam hausting er sentralt for vår eiga matsikkerheit. Å revitalisere det norsk småskala-landbruket er nødvendig for å ta vare på artsmangfaldet, hindre attgroing og sikre rein mat og natur.

2 | For å hindre utrydding av villreinen og andre artar må alle typar arealinngrep og arealendringar i fjellet opphøre. Villreinområda må utvidast gjennom naturrestaurerande tiltak. Alle høgspenninger i villreinområde må fjernast på grunn av barriereeffekten dei har på reinen. For å reetablere villreintrekka mellom Dovrefjell–Knutshø og Dovrefjell–Rondane må ein enten fjerne E6 og jarnbane over Dovrefjell, eller så må det på utvalde strekningar byggjast ein miljøtunnel over infrastrukturen, eit torvtak som på sikt kan opne opp att trekkrutene til villreinen. Dette vil gjeva villreinen ein større aksjonsradius i kritiske omstende og styrkje overlevingsevna til villreinen i desse områda.

3 | Ljos- og støyforureining sjenerer både villreinen, anna dyreliv og menneska. Framleis er Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark, saman med dei andre nasjonalparkane, område med lite ljøsforureining. Lovverket må strammast til og praktiserast for å hegne om dette. Det er unødvendig å ha ljøskjelder som lyser heile natta på fjellet. Støy er problematisk i ein nasjonalpark, med konsekvensar det foreløpig ikkje er forska på. Fjellovergangar må nattestengjast. All type flytrafikk, sivil og militær, er uakseptabel over nasjonalparkar.

4 | Klimaendringane og utryddinga av artar strammar til alvoret. Varmare klima endrar vegetasjonen i fjellet, stressar dyrelivet og gjer det mindre motstandsdyktig. Staten må ta i bruk meir vidfemnande tiltak for å nå klimamåla. Norsk oljeutvinning må omgåande stoppast, og all flytrafikk må stengast ned fram til flyflåten er elektrifisert.

5 | For å redusere ferdselen i høgfjellsområda må det innførast strengare besøksreglar. Dovrefjell-Sunndalsfjella nasjonalpark blir stengt for alle andre enn innbyggjarane i kommunane rundt nasjonalparken (Oppdal, Folldal, Dovre, Lesja, Nesset og Sunndal). Folk som ynskjer å besøkje nasjonalparken, kan flytta til ein av kommunane, dette er god distriktspolitikk i praksis. Nasjonalparkane skal ikkje vera turistdestinasjonar. Sanering av turisthytter og merkte ruter er nødvendig. Turistforeininga si hytte på Snøheim skal rivast eller flyttast, og Snøheimvegen skal fjernast.